

NVE

Konsesjonsavdelinga v/ Dag Kjellevoid

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

12.11.2017

## HØYRINGSUTTALE OM FOLKEDAL II KRAFTVERK I GRANVIN HERAD, HORDALAND

### Bevar Kvanndalselva!



*Innover den tronge dalen smyg elva seg gjennom den rike, gamle edellauvskogen som kler dei bratte liene. Nokre stader kastar ho seg ned i vakre stryk mellom store kampesteinar, andre stader smyg ho seg nedover. Rundt nesten kvar ein sving finst rolege, djupe kulpar, perfekte for å ta seg eit avkjølande bad. Eit stykke innover Kvanngjelet, over dei første stryka, opnar eit utruleg utsyn seg utover Kvanndalen: ein ser korleis elva slynger seg nedover den djupgrøne skogen, heilt ned til fjorden i det fjerne, ramma inn av blålege fjell i bakgrunnen.»*

Utdrag frå lesarbrevet «Bevar Granvin sitt Amazonas» i avisa «Hordaland» 19.04.2017

#### Innleiing

Kvanndalselva er ei av stadig sjeldnare elvar på Vestlandet som får renna fritt frå fjell til fjord. Det er sterkt lokalt engasjement for å bevare elva, og ei utbygging vil føra til konflikt, oreigning av eigedomane til grunneigarane i Kvanndal, og sterkt redusert vassføring i ei aureførande elv. I denne høyringsuttalen grunnjev me kvifor me ikkje kan akseptera utbygging av Kvanndalselva, og oppmodar på det sterkaste NVE om å avvise konsesjonssøknaden frå Hardanger Energi.

## Ei heilt unødvendig utbygging

I 2016 hadde Noreg ein nettoeksport på 16,5 TWh (SSB), trass i at nordmenn er på verdstoppen i sløsing med straum. Samstundes er no to av tre elvar utbygd i Noreg, og i Hordaland er 60% av alle elvane utbygd eller under utbygging. Medan vasskraft på ingen måte lenger er ei mangelvare her til lands – snarare tvert imot – vert urørte elvar stadig sjeldnare. Det er urørt natur som er i ferd med å bli ei mangelvare. I lys av dette, og med tanke på det enorme innsparingspotensialet me har i Noreg når det gjeld straum, er ei utbygging av Kvanndalselva fullstendig unødvendig.

## Naturverdiar og inngrepsfrie område

Naturverdiane i Kvanndalen og spesielt Kvanngjelet er ikkje godt nok kartlagt, og me sluttar oss derfor til Forum for Natur og Friluftsliv sitt krav om tilleggsutgreiingar, på bakgrunn av følgjande:

- Dei som har utført registreringane har hatt alt for dårleg tid eller gjort registreringane på feil årstid (sjå side 19 i Norconsult sin miljørapport).
- Synfaringane er ikkje utført i samsvar med forskriftene, ved bruk av NVE sin rettleiar 3/2009.
- Etterundersøkinga som vart gjennomført 15.6.2017 i den øvre delen av Kvanndalselva, i ein 2,3 km lang strekning, må reknast som overflatisk og ufullstendig. Det er grunn til å tru at det finst langt fleire sjeldne artar i Kvanndalen den det Norconsult klarte å avdekka, ettersom dei berre brukte éin dag på å kartlegga ein 2,3 km lang strekning i svært krevjande terreng inne i Kvanngjelet.
- NVE-rapporten frå 2015 som gjekk gjennom naturkartleggingar som vart gjennomført i samband med 20 vasskraftutbyggingssøknadar på Vestlandet, viste grove avvik i 14 av tilfella, der utbyggerane sine innleigde konsulentar berre hadde funne 13 av totalt 166 raudlisteartar, og 1 av 14 svært viktige naturtypar. Det same vart tilfelle i saka om Øystesevassdraget, der etterundersøkingar finansiert av frivillige organisasjonar påviste fem gonger fleire raudlisteartar enn det utbyggerane sine innleigde konsulentar fann. Dette synest difor å vera ein

gjennomgåande trend, og ettersom krav til naturkartleggingar så vidt me kjenner ikkje har vorte endra etter desse avdekkingane, er det stor grunn til å tru at det er behov for grundigare undersøkingar også i Kvanndal – spesielt i lys av den korte tida etterundersøkinga av Kvanngjelet vart gjennomført på.

- Det er rekna som sikkert at det finst ål i Kvanndalselva, som er ein raudlista art, utan at det vert diskutert på ein overtydande måte kva konsekvensar ei utbygging kan ha for den.

Me vil òg minna om at det er bit-for-bit-nedbygginga og oppstykinga av naturområde som er den desidert største årsaka til den drastiske nedgangen i biologisk mangfald, i Noreg som i resten av verda. Ei utbygging av Kvanndalselva vil føra til nok ein reduksjon i eit større samanhengande område med urørt preg, jamfør naturbase.no.

## **Aure**

Kvanndalselva er aureførande, og sjøauren i Hardangerfjorden er under sterkt press. Vasskraftutbyggingar har hatt stor negativ effekt på anadrom fisk i mange vassdrag i Hardangerfjorden. Kvanndalselva er eit godt habitat for sjøaure, og ved å fjerna meir enn halvparten av vatnet frå denne strekninga vil vilkåra for auren openbert verta degradert. Å gå inn for utbygging av ei aureførande elv slik situasjonen er for aurebestanden i Hardangerfjorden, vil vera særskild uklokt.

## **Satsing på naturbasert friluftsliv**

Grunneigarar i Kvanndal har i samarbeid med Granvin Turlag nyleg starta opp initiativet «Venelaget for Stølsvegen i Kvanndal», som har som mål å setja i stand den gamle buførevegen som går langs Kvanndalselva og opp til Kvanndalsstølen, for å leggja til rette for at fleire kan få oppleva dalen og vandra langs elva. Dei har allereie fått innvilga ein del pengestønad til dette arbeidet. Utan den urørte, ville Kvanndalselva vil naturopplevingane aldri bli dei same som det i dag er grunnlag for.

## Myr og klima


I søknaden frå Hardanger Energi vert det vist til at ei utbygging vil føra til auka produksjon av fornybar energi. Samstundes skal ei myr i Folkedal nyttast som massedeponi, utan at skadane på myra med karbonutsleppa det vil føra til, vert problematisert eller drøfta i det heile. Øydelegging av myr i Noreg bidreg kvart år til enorme klimagassutslepp, derfor må det kartleggast kor store klimagassutslepp eit eventuelt deponi på myra i Folkedal vil medføre.

## Konfliktpotensiale og oreigning

*«Ber du et menneske beskrive det fineste stedet som de vet om, er det gjerne et sted i naturen. Kanskje ved et vann, der det ville vært fint å slå seg til. Steder i naturen betyr mye for mange. Det kan for eksempel være steder fra barndommen som ennå er intakte. Den som kan vende tilbake til «barndommens grønne dal» er heldig. Slikt bidrar til å binde livets tråder sammen. (...) Først når ens rekreasjonsområde er truet, blir man gjerne bevisst hvilke verdier natur kan ha for livskvalitet. Jeg har opplevd voksne mennesker gråte ved tap av «sin» natur. Det er egentlig snakk om en innholdsrik sorg, med elementer av raseri og fortvilelse. Det siste fordi vi allerede har overproduksjon av strøm, slik at naturødeleggelsen er unødvendig. Og det er ikke noe sted på høringene hvor du kan krysse av for sorg. Men det er som med helsa: Man forstår kanskje ikke verdien av natur og landskap før de er truet.»*

Professor emeritus Sigmund Hågvar

Me er mange som er glade i Kvanndalselva, som har vakse opp med bading og fisking i elva, og tallause turar innover dalen. Alle som har vore der, spesielt sommarstid, veit at Kvanndalen er ein uvanleg frodig dal. Kjærleiken til elva og dalen handlar om meir enn sjeldne artar, naturmangfald og minstevassføring. Det handlar om den unike opplevinga av å vera i fri natur, og det sterke ynsket om at elva skal få renna fritt, halda fram med å få vera slik den alltid har vore; at Kvanngjelet er og skal fortsetta å vera ein portal til eit av dei få samanhengande områda av urørt natur me har att. Det handlar om å vite at inst i den frodige dalen finst ein vakker foss der vatnet kastar seg ned før det held fram på ferda ned den lange, tronge Kvanndalen; ikkje ein betongdam som tvingar elva vekk frå sitt naturlege løp og ned ein tunell.



Fram til 2011 var dette området med samanhengande inngrepsfri natur langt større; men etter ein årelang, svært opprivande prosess, fekk Statnett løyve til å valsa over oss og bygga høgspenlinja Sima-Samnanger gjennom fjellheimen vår. Kraftlinja ruvar no i mange av områda som var kjærast for oss. Dette, kombinert med den særskilt kritikkverdige prosessen som førte fram til utbygginga, har vore ei enorm påkjenning for oss som var involvert. Ei utbygging av Kvanndalselva også, godtek me ikkje.

Debatten i lokalavisa «Hordaland» har vist at det er eit sterkt engasjement om saka, der alle lesarbreve så langt har vore i favør for å bevare Kvanndalselva. Etersom grunneigarane i Kvanndal, som har eit forhold til Kvanndalen og bryr seg om elva, ikkje ynskjer utbygging, vil ei utbygging òg innebera oreigning. Dette vil vera eit stort inngrep i eigedomsretten, og er grunnen til at me har oreigningslova, som slår fast at «vedtak eller samtykke kan ikkje gjerast eller gjevast utan at det må reknast med at inngrepet tvillaust er

til meir gagn enn skade». Det faktum at me har ein enorm overproduksjon av vasskraft, er på verdstoppen i sløsing og har bygd ut to tredjedelar av elvane i landet, at utbygginga vil medføra reduksjon av eit større samanhengande naturområde med urørt preg, og at det er eit sterkt engasjement for å bevare elva, gjer det særst vanskeleg å sjå at inngrepet «tvillaust er til meir gagn enn skade».

På bakgrunn av ovannemnte argument vil me på det sterkaste oppmoda NVE om å avvisa søknaden frå Hardanger Energi, og bevare Kvanndalselva.

Mvh

Synnøve Kvamme

Åshild Kvamme

Magnhild Kvandal Kvamme

